

E6 MOGREINA-BOKSRUD

KLIMAVURDERING AV KONSEKVENSANE VED KRYSSING AV ANDELVA

AV

PER EYVIND NORDLIE

KLIMA AVDELINGEN

Fagrapport nr. 5/84 KLIMA

Oppdragsgiver. Statens vegvesen

OSLO 1984

DNMI - RAPPORT

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT
POSTBOKS 320 BLINDERN 0314 OSLO 3
TELEFON : (02) 60 50 90

ISBN

RAPPORT NR.

5/84 KLIMA

DATO

05.07.1984

TITTEL

E6 MOGREINA - BOKSRUD

Klimavurdering av konsekvensane ved kryssing av Andelva.

UTARBEIDET AV

PER EYVIND NORDLIE

OPPDRAKGSGIVER

STATENS VEGVESEN
VEGSJEFEN I AKERSHUS FYLKE

OPPDRAAGSNR.

SAMMENDRAG

Den nye E6 vil krysse Andelva nedafor osen av Hurdalssjøen. Vegen vil bli lagt på ei 300 m lang fylling ca. 700 m nedafor osen av sjøen. Fyllinga vil stikke 3 - 5 m over elveisen.

Inngrepet kan gje lågare lufttemperatur ovafor fyllinga i stilt og klårt ver i den tida Andelva er islagt. På grunn av manglende målingar er det særstakt vanskelig å gje sikre tal for storleiken og frekvensen av endringane.

UNDERSKRIFT

Per Eyvind Nordlie

Per Eyvind Nordlie

PROSJEKTLEDER

Bjørn Aune

Bjørn Aune

FAGSJEF

E6 MOGREINA - BOKSRUD

KLIMAVURDERING AV KONSEKVENSENDE VED KRYSSING AV ANDELVA

- 1) Inngrepet. I følgje brev frå Statens vegvesen til Det norske meteorologiske institutt (DNMI), vedlegg 1, skal den nye E6 krysse Andelva like nedafor osen av Hurdalssjøen, jamfør kartkopien, fig. 1.


Vegen er tenkt lagt på ei fylling som blir 300 m lang, når ein ser bort frå ei 55 m lang bru som elva passerer under. Vegbanen blir liggjande på kote 180 m o.h. i søre delen av fyllinga som stig slakt nedover slik at vegbanen når kote 182 m o.h. ved nordenden. Vasstanden i Hurdalssjøen vil variere ein del, på det økonomiske kartverket er den oppgjeven til 176,5 m o.h.

- 2) Kallduftsperre. Ved osen av Hurdalssjøen er det fleire øyer med høgder over toppen av den framtidige fyllinga. Dei to viktigaste er Bergerøya og Frankøya. Frankøya deler straumdraget i to tronge sund, store Sundgapet, som er 20 m breitt på det smalaste, og Veslesundet. Veslesundet er i sin tur delt av ei øy slik at dei to sunda blir særslig tronge. Mælt i nivået 180 m o.h. er breidda på store Sundgapet 45 m og på Veslesundet 40 m. Den vesle øya i Veslesundet når ikkje høgre enn kote 178. Vestafor Frankmyrene er det fleire passasjer i nivået 180 m o.h., breiast er den ved Elvebekken. Men dette området er for størstedelen dekt av tett skog som er til hinder for luftpassasjen nær bakken. Dessutan ris Karlsberget og Skurvøya opp lenger vest og gjev sine bidrag til hinderet.

- 3) Kallduftssig. Transporten av kallduft gjennom sunda er viktig for å kunne forstå vurderingane i denne rapporten. Ein vil difor særslig skissere opp korleis kallduft blir danna og korleis ho kjem i rørsle. Bakken vil tape varme på grunn av langbølgja utstråling. I klårt ver om vinteren vil dette strålingstapet ofte vera større enn det som blir vunne ved innstråling. Bakken blir da avkjølt slik at lufta òg misser varme i dei nedste laga. Lufta blir da stabil med omsyn til vertikale konveksjonsstraumar, ho vil gli langs bakken om lag som ei seig væske. Før eller seinare vil kalldufta samle seg i dalsøkka der dei lågaste temperaturane blir å finne.

Den islagde Hurdalssjøen vil verke som ein oppsamlingsplass for kallduft. På grunn av tyngda på kalldufta vil ho i regelen sige gjennom dei tronge sunda ved osen og nedover Andelva. Den tronge osen reduserer straumen sterkt slik at i høve til dei store produksjonsområda for kallduft (der kallduft stadig blir laga), er det berre mindre mengder som vil kunne passere sunda og portane vestafor Frankmyrene nedafor kote 180 m o.h., dvs. nivået for toppen på fyllinga.

Den nye E6 vil bli ei massiv sperre for kalldufta 600-700 m nedafor dei tronge sunda. Derved kjem ei ny sperre i tillegg til dei nemnde øylene ved osen. Dette kan redusere kallduftsiget ut gjennom sunda enda meir.



- 2 -
- 4) Klårver med lite vind og islagt sjø. Fyllinga vil berre kunne skape klimaendringar når lufta er stabil. I praksis vil det seia at det må vera klårver med lite vind og at Hurdalssjøen og elva må vera islagde.. Er desse tre krava oppfylte, vil lufta bli stabil heile døgnet på strengaste vinteren. På ettervinteren, derimot, kan stabiliteten bli øydelagt om dagen på grunn av innstrålinga, men kan bli danna på nytt om natta.

Ved hjelp av stasjonen 0493 Hvam har ein funne kor ofte det er slikt ver som nemnt i avsnittet ovafor i det ein har formulert desse krava til skydekke, N, og vind, F:

Tabell I. N < 3/8 & F < 4 Beaufort.

NOV	DES	JAN	FEB	MARS	APRIL
18%	23%	23%	26%	30%	35%

Tabellen viser ei oppteiling over perioden 1957 til og med april 1983, dvs. 26-27 år. Det er observasjonen kl.7 om morgonen som er lagt til grunn. Som tabellen viser, aukar sjansen for klårver og lite vind frå månad til månad gjennom vinteren. I ingen av månadene er det vesentleg meir enn 1/3 av observasjonane der versituasjonen ligg slik tillettes at ei lokal klimaendring er tenkjeleg. I november er det berre 1/6 av observasjonane.

I tabellane IIa og IIb er talt opp ein del karakteristiske temperatur- og nedbørdata for stasjonane 0478 Gardermoen og 0493 Hvam. Ein må vente at klimaet på desse stadene svarar toleg bra til klimaet ved osen av Hurdalssjøen.

- 5) Vurdering av verknaden. Utan stønad i målinger på staden, er det uråd å gje sikre tal for verknaden av vegfyllinga.

Generelt kan seiast at verknaden blir større på strekninga frå fyllinga til dei tronge sunda enn ovafor dei tronge sunda langs sjøen. Vidare kan seiast at verknaden vil minke med høgda over isen. Langs Hurdalssjøen vil verknaden minke med avstanden frå osen.

Det er mogleg at sunda ved osen er så tronge og demmer kaldlufta så godt at fyllinga ikkje har nokon nemnande verknad ved sjøen. Mellom osen og fyllinga, derimot, må ein rekne det som godt gjort (både ved hjelp av teoretiske vurderingar og av målinger andre stader) at fyllinga har ein målbar verknad i stabilt vinterver slik som definert i punkt 4).

I området mellom øyene og fyllinga ligg garden Smedhaugen. Husa ligg høgre enn kote 180 m o.h. og mellom fyllinga og garden er det tette skogområde. På grunn av skogskjerminga er det uvisst om det vil bli nokon verknad ved garden.

Sjølv om verknaden av inngrepet vil vera usikker, vil ein likevel prøve å talfeste endringane så presist som kunnskapane våre gjer det mogleg. Det er da naturleg å dele opp området såleis:

Tabell IIa

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT

KLIMAAVDELINGEN

0478 GARDERMOEN

KOMMUNE	BREDDE	LENGDE	HOH	HP	PERIODE
ULLENSAKER	60 12	11 5	202	204.2	1941.01 - 1984.03

NORMALER OG EKSTREMER**TEMPERATUR**

JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	AR
-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	----

TEMPERATURNORMALER 1931-60

- 6.9	- 6.3	- 2.3	3.2	9.4	13.6	16.0	14.6	10.0	4.5	- 0.6	- 3.9	4.3
-------	-------	-------	-----	-----	------	------	------	------	-----	-------	-------	-----

HØYESTE MANEDS- OG ARSMIDDEL-TEMPERATUR

- 1.7	- 0.2	1.8	5.9	12.8	17.0	19.8	18.8	12.9	.8.1	1.9	- 0.3	5.8
-------	-------	-----	-----	------	------	------	------	------	------	-----	-------	-----

INNTRAFF AR

1949	1943	1943	1943	1947	1970	1955	1947	1949	1961	1953	- 1948	1949
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	--------	------

LAVESTE MANEDS- OG ARSMIDDEL-TEMPERATUR

-16.5	-16.7	- 7.1	- 0.5	6.9	11.4	13.2	11.7	7.0	0.9	- 5.2	-12.0	2.2
-------	-------	-------	-------	-----	------	------	------	-----	-----	-------	-------	-----

INNTRAFF AR

1941	1947	- 1942	1966	1955	1944	1970	1956	1952	1973	- 1965	1981	1979
------	------	--------	------	------	------	------	------	------	------	--------	------	------

ABSOLUTT MAKSUMSTEMPERATUR

10.8	10.6	14.0	19.2	27.0	32.7	30.5	32.6	24.5	20.3	13.6	11.0	32.7
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

INNTRAFF AR

1973	1976	1965	1961	1954	1947	1948	1975	- 1958	1969	1978	1967	1947
------	------	------	------	------	------	------	------	--------	------	------	------	------

ABSOLUTT MINIMUMSTEMPERATUR

-31.3	-35.5	-26.9	-14.8	- 6.0	- 2.5	1.9	- 1.2	- 6.0	-16.1	-23.6	-28.2	-35.5
-------	-------	-------	-------	-------	-------	-----	-------	-------	-------	-------	-------	-------

INNTRAFF AR

1979	1966	1978	1977	1974	1975	1964	1973	1968	1980	1965	1976	1966
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

NEDBØR

JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	AR
-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	----

NEDBØRNORMALER 1931-60 I MM

58	41	30	50	53	79	92	95	87	85	82	73	825
----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	-----

STØRSTE MANEDS- OG ARSNEDBØR I MM

157	127	118	126	135	151	209	245	211	216	204	198	1120
-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	------

INNTRAFF AR

1969	1966	1978	1959	1963	1946	1960	1951	1965	1967	1970	1959	1960
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

MINSTE MANEDS- OG ARSNEDBØR I MM

4	1	2	0	2	21	20	1	23	9	15	3	531
---	---	---	---	---	----	----	---	----	---	----	---	-----

INNTRAFF AR

1963	1959	- 1958	1974	1947	1959	1976	1947	1959	1947	1983	1957	1955
------	------	--------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

STØRSTE DØGNNEEDBØR I MM

20	32	23	31	44	40	42	55	51	43	46	41	55
----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----

INNTRAFF AR

-1956	1962	1978	1962	1952	1950	- 1952	1954	1957	1964	1970	1960	1954
-------	------	------	------	------	------	--------	------	------	------	------	------	------

STØRSTE SNØDYBDE I CM

105	152	154	158	44			22	71	95	158		
-----	-----	-----	-----	----	--	--	----	----	----	-----	--	--

INNTRAFF AR

-1948	1966	1951	1951	1966			1970	1970	1962	1951		
-------	------	------	------	------	--	--	------	------	------	------	--	--

- foran årstallet betyr at samme månedsverdi også har forekommet etter angitt år

Tabell IIb

Stasjon 0493 Hvam

Kommune: Nes Høyde: 162 m o.h.

Periode: 1944 november til 1983 juli

TEMPERATURDATA

JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	ÅR
TEMPERATURNORMALER 1931-60												
-6.8	-6.2	-2.0	3.8	9.6	13.7	16.1	14.6	10.0	4.6	-0.3	-4.0	4.4
HØYESTE MÅNEDSMIDDEL TEMPERATUR												
-0.9	-0.5	2.5	6.0	12.5	16.9	19.4	17.8	12.8	8.7	2.3	1.1	6.0
INNTRAFF ÅR												
-1974	1974	1961	1974	1947	-1953	1955	1947	1949	1961	-1967	1972	-1949
LAVESTE MÅNEDSMIDDEL TEMPERATUR												
-15.8	-15.7	-6.7	0.0	7.0	12.0	13.4	12.0	7.0	1.3	-5.7	-12.6	2.5
INNTRAFF ÅR												
1963	1947	1962	1966	1955	1981	-1964	-1956	1952	1973	1968	1981	1963
ABSOLUTT MAKSUMSTEMPERATUR												
10.0	10.8	15.0	20.0	27.0	31.9	30.7	32.8	25.5	20.0	13.5	10.7	32.8
INNTRAFF ÅR												
1973	1976	1965	1946	1946	1947	1955	1982	1958	1973	1978	1975	1982
ABSOLUTT MINIMUMSTEMPERATUR												
-35.5	-37.0	-29.8	-15.6	-5.8	-2.9	0.6	-2.6	-6.6	-13.8	-23.3	-29.7	-37.0
INNTRAFF ÅR												
1979	1966	1946	1977	1949	1951	1951	1949	1968	1980	1970	1981	1966

Hurdalssjøen: Den maksimale verknaden vil vera ved osen av sjøen nede ved isen. Der vil neppe temperaturen kunne søkkje meir enn frå 0 til 1 grad på grunn av fyllinga. (Som allereie nemnt kan det dermed hende at det ikkje blir nokon verknad.)

Strekninga mellom osen og fyllinga: Den maksimale verknaden vil vera nede ved isen under nivået for vegfyllinga. Dersom ein reknar at isen ligg i nivået 177 m, vil det altså vera 3 m høgde frå isen opp til fyllinga i den enden ho er lågast. I dette luftlaget kan ein vente temperaturar som kanskje kan vera opp til 3° lågare enn under naturlege vilkår. Men verknaden vil minke særskilt raskt med høgda over fyllinga og det er neppe nokon verknad 10 m over kanten, dvs. kote 190 m o.h.

Ein vil igjen streke under at dei tala som her er gjevne, ikkje er medeltal, men uttrykk for det ein kan vente i ugunstige versituasjonar.

- 6) Grunnlaget for vurderinga. DNMI har ikkje hatt høve til å gjera målingar på staden gjennom byggjepериодen. Ein har difor lagt generelle kunnskapar om lokalklima til grunn for vurderingane. Ut på ettervinteren 1984 vart terrenget frå fyllinga oppover til osen av sjøen synfare. Diverre var det overskya under synfaringa slik at det ikkje kom istand noko kalduftsig langs bakken. Meteorologiske målingar ville ikkje gjeve nyttig informasjon for dette føremålet. Synfaringa gav likevel nyttig, lokal terreng-kunnskap.



STATENS VEGVESEN
VEGSJEFEN I AKERSHUS FYLKE

Meteorologisk institutt
Klimaavdelingen
Niels Henrik Abelsv. 40
Oslo 3

METEOROLOGISK INSTITUTT	
nr 04355	14. OKT. 83
Beh. <i>KL</i>	
Ark nr 2222	Ekspl..

Saksbehandler:

K. Støvne
Direkte innvalg:

06 - 95 25.30

Dato

Deres ref. Vær ref. Ark nr.

Stø/EKj. 352-0006-13

11. oktober 1983

**NY E6 MOGREINA - BOGSRUD
DETALJPLAN FOR PARSELL FJELLET - ANDELVA
KRYSNING AV ANDELVA**

Krysningen over Andelva er planlagt som en lengre fylling med en 55 m lang bru på det midterste partiet. Vi ber om en uttalelse på om ny E6 kan skape endringer i lokalklimaet.

Vedlagt en oversiktstegning B4B, detaljtegning C 13 B, samt utsnitt av økonomisk kartverk i M 1:5000.

Kåre Støvne
overing.

Kopi til: Flo Hvidsten
Plan
Støvne
Hagemann
Pihlstrøm

DNMI-KLIMA AVDELINGENS FAGRAPPORTER

- 1/84 NORDLIE, P E:
KLIMAGRANSKINGAR I NVE'S PROSJEKTOMRÅDE FOR KRAFTUTBYGGING.
Statuarrapportar 1983, administrativ del
Oppdragsgjevar: NVE - Statskraftverka
- 2/84 AUNE, B:
ROGNMOEN GRUSTAK Eventuelle lokale klimaendringer
08.06.1984
Oppdragsgiver: Statens vegvesen, Vegsjefen i Troms fylke
- 3/84 FØRLAND, E J:
PÅREGNELIGE EKSTREME NEDBØRVERDIER
03.07.1984
Oppdragsgiver: NVE - Hydrologisk avdeling
- 4/84 FØRLAND, E J og IDEN, K A:
EKSTREM NEDBØR I LØPET AV 1 - 30 DØGN
Observerte og beregnede verdier for 49 stasjoner
03.07.1984
Oppdragsgiver: Vassdragaregulantenes Forening
- 5/84 NORDLIE, P E:
E6 MOGREINA - BOKSRUD Klimavurdering av konsekvensane ved
krysning av Andelva
05.07.1984
Oppdragsgjevar: Statens vegvesen, Vegsjefen i Akershus fylke
- 6/84 NORDLIE, P E:
KLIMAENDRINGAR PÅ GRUNN AV IS I INDRE NORDFJORD
05.07.1984